

Norheimsund Indremisjon.

Årsmelding for husstyret, Norheimsund bedehus 2018

Styret

I 2018 har styret vore samansett slik:

Ole Håland, leiar. May Oline Opsahl Engen, nestleiar, Ingrid Selsvik Undal, sekretær og Steinar Flaten, styremedlem

Varamedlemmer: Arthur Strømme, Sissel Svåsand.

Styret har hatt 4 møte i 2018.

Utført arbeid

2018 har vore eit roleg år på oppussingssida, men noko har blitt gjort, og noko er blitt planlagd for 2019. Kjøkkenet i kjellaren vart ferdig i 2016/2017, men har fortsatt ein del utstyrsoppgradering som bør gjerast i løpet av 2019. I 2018 har det blitt kjøpt bordtralle til småsalen og diverse småutstyr til kjøkkena oppe og nede.

Gangen på hovudplan har fått ein vegg med ny farge og ein fin bibeltekst. Veggen har Olav Helleve mala og teksten har Mirjam Gravdal skrive. Det har også blitt montert nytt lys i taket og kome tre fastmonterte klestativ på veggen.

Det vart i haust levert 70 røyrstolar frå bedehuset til bruktbutikken for vidaresending til Latvia.

No er det ønske om å kjøpa inn nye stolar som kan brukast i kjeller og på galleriet.

I august vart det oppdaga at det pipla vatn opp av asfalten på austsida av bedehuset.

Olav Helleve med sine kontaktar hyra inn kommunen som utførte reparasjon med hjelp av røyrleggjar. Vi håpa at dette kanskje kunne bli ein kostnad på kommunen, sidan dette var i nærleiken av påkobling til den kommunale delen. Dette håpar vi framleis på sidan rekninga ikkje er komen.

Vindauge

Straumforbruket er ganske stort, men dette vil snart betra seg. Styret for Indremisjonen har bestemt seg for innkjøp av nye vindauge i storsal, småsal og øvrige vindauge som ikkje er skifta dei siste åra. Totalt blir det 34 vindauge og ei glasrute. Dette vil gjera varmetapet monaleg mykje mindre.

Hardanger Byggsenter skal gjera jobben, og vi takkar for eit godt tilbod som vi ikkje kunne seia nei til. Ein del av summen er betalt i 2018 og resten blir betalt i 2019.

Vaskedugnad

Vaskedugnad på bedehuset fungerer godt, og det er 17 veker mellom kvar omrulling.

Eit tillegg som er kome i løpet av 2018, er kontroll og vask av øvre sal. Vanlege vaskedagar er tysdag og laurdag, men dette vert tilpassa etter vaskarane si tid og etter aktiviteten i bedehuset.

Veke 26-33 hadde vaktmeistrane ansvar for vaskinga. 22. og 23. mai hadde vi den tradisjonelle vaskedugnaden i bedehuset der mange møtte opp begge dagane.

Vaktmeisterteneste

Vaktmeistertenesta har blitt utført som tidlegare av Arthur Strømme, Asgeir Norheim, Anders Sæleset og Olav Helleve. "Vaktmeisterlista" er oppslått på plakattavla i gangen, og ligg på heimesida www.bedehusweb.no Anders Sæleset er også brannvernansvarleg. Olav Høyland har hatt ansvar for snørydding framfor bedehuset også i 2017/18. Han har no gitt seg med snørydding for andre, og difor har kommunen no ansvar for brøytinga.

Brukarorientering.

Brukarorienteringa vart revidert vinter/vår 2018. Les gjerne gjennom den.

Vi vil til slutt takka alle som har vore med og delteke med ulikt vedlikehaldsarbeid i bedehuset.

For husstyret,

Ole Håland,

Norheimsund 14.01.2019